



Utdanningsutvalet – mandat for utvalet

Vedtatt av høgskulestyret 15. juni 2023

Rådgivande og strategisk organ

Utdanningsutvalet er eit rådgivande og strategisk organ for leiinga og styret. Utdanningsutvalet skal stimulere og bidra til at utdanningsprogramma har høg kvalitet, er relevante for samfunnet og er i tråd med høgskulen sin strategiplan.

Utdanningsutvalet skal stimulere og bidra til samarbeid og utvikling på tvers av fagområde og einingar ved høgskulen innafor utdanningsverksemda.

Utvalet skal mellom anna:

- tilrå tiltak for å sikre at høgskulens studieplanar, undervisningsverksemd og vurderingsordningar er i samsvar med lover, forskrifter og regelverk
- sjå til at høgskulen har eit tilfredsstillande system for utdanningskvalitet og har eit systematisk arbeid med utdanningskvalitet
- kome med tilråding knytt til studieporteføljen
- tilrå nye eller reviderte retningsliner knytt til utdanning
- tilrå vidareutvikling av kvalitetssystemet til leiinga
- tilrå akkreditering og reakkreditering av studietilbod til og med 60 studiepoeng

Innstillande organ

Utdanningsutvalet skal innstille til styret om:

- intern (re-)akkreditering av studietilbod over 60 studiepoeng (gradgjevande studium) og søknad om ekstern akkreditering (NOKUT) ut over bachelornivå (over 180 studiepoeng)
- kandidat(ar) til Utdanningsprisen

Delegert avgjerslemynde frå styret

Utdanningsutvalet er gitt delegert avgjerslemynde til å vedta:

- utvikling av nye studietilbod før arbeidet med detaljplanlegging har starta
- plan for periodisk studieprogramevaluering

Rapportering

Utdanningsutvalet skal ha årsrapport for studiekvalitet til uttale før handsaming i rektoratet, og sikre at årsrapporten omhandlar rapportering knytt til utvikling av nye studietilbod og gjennomføring av den periodiske studieprogramevalueringa.